asplan
viak

Konsekvensutgreiing av tema villrein

Kommuneplanen sin arealdel – Hjartdal kommune



Dato: 27.05.2025

asplanviak.no

Versjon: **02**

Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar:	Hjartdal kommune
Tittel på rapport:	Konsekvensutgreiing av tema villrein
Oppdragsnamn:	Kommuneplanens arealdel
Oppdragsnummer:	642077-01
Utarbeidd av:	Hanne Porsholt Jensen
Oppdragsleiar:	Sissel Mjølsnes
Tilgjenge:	Open

Kort samandrag

Kommuneplanens arealdel (KPA) i Hjartdal kommune er under rullering. Til planforslaget er det utarbeidd ein konsekvensutgreiing som en del av planomtala, jf. plan- og bygningslova § 4-2. Det er utarbeidd ein samla konsekvensutgreiing for heile planforslaget. Det er også utarbeidd konsekvensutgreiing for eit utval område som er spelt inn med forslag om endra arealbruk.

Då villrein er eit særs viktig tema i den samla konsekvensutgreiinga av planforslaget, er det utarbeidd ein eigen konsekvensutgreiing av tema villrein. Utgreiinga gjeld for heile planforslaget.

Utgreiinga søker å vise vurderingane av villreinomsyn som er gjort i prosessen, og kva konsekvensar planforslaget vil ha for villrein samanlikna med gjeldande arealdel.

Positive konsekvensar for villrein av planforslaget er i hovudsak knytt opp til redusert moglegheit for bygging av ny fritidsbusetnad i Bondal og ved Breivatn, samanlikna med gjeldande KPA. Negative konsekvensar er i hovudsak knytt til moglegheit for auka bygging av fritidsbusetnad i Tuddal, med det arealbeslaget og den auka ferdselen i villreinområdet det kan medføre.

Forord

Asplan Viak AS er engasjert av Hjartdal kommune for å støtte i prosessen med rullering av kommuneplanen sin arealdel. Å utarbeide konsekvensutgreiing av tema villrein er ein del av dette oppdraget. Vi takker kommunen for oppdraget og eit godt samarbeid.

Bø, 27.05.2025

Sissel Mjølsnes
Oppdragsleiar

Emma Kuskemoen
Kvalitetssikrar

Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS
02	27.mai 2025	Revidert etter 1. gangs handsaming før utlegging og høyring	KKD	HPJ
01	24. apr. 2025	Nytt dokument	HPJ	EK

Innhald

1. Samandrag 5

2. Innleiing 7

2.1. Bakgrunn for konsekvensutgreiinga 7
2.2. Hjartdal kommunes arealstrategi 7
2.3. Oppbygging av konsekvensutgreiinga 8
2.4. Avgrensingar 9
2.5. Metode, kunnskapsgrunnlag og prosess 10
2.6. Nullalternativet 11

3. Statlege styringsverktøy og overordna føringar for villrein 13

4. Kunnskap om korleis villrein blir påverka av tekniske inngrep, infrastruktur og ferdsel 16

5. Brattefjell-Vindeggen villreinområde 17

6. Dagens situasjon innanfor og i randområde til villreinområdet 20

6.1. Tuddal 20
6.2. Bondal 24
6.3. Breivatn og områda rundt 29

7. Gjeldande planstatus og planforslaget 34

7.1. Prosessen med rullering av kommeplanens arealdel 34
7.2. Avbøtande tiltak som er lagt inn i planen 36
7.3. Potensial for fritidsbusetnad 37
7.4. Tuddal 37
7.5. Bondal 46

7.6. Breivatn og områda rundt 49

8. Konsekvensar for villrein av planforslaget 50

8.1. LNF2 og føresegnområde for trekkområde 50
8.2. Omdisponering av byggjeområde, fortetting og oppheving av reguleringsplanar 51
8.3. Konsekvensar for villrein nær Tuddal 51
8.4. Konsekvensar for villrein nær Bondal 53
8.5. Konsekvensar for villrein nær Breivatn og gir områda rundt 53
8.6. Konklusjon 53

9. Vurdering av naturmangfaldlova 56

10. Forslag til ytterlegere avbøtande tiltak 57

1. Samandrag

I planforslaget er villreinen sitt leveområde lagt som eit eige LNF-føremål (LNF2) med føresegner som sikrar at ved søknad om tiltak skal omsynet til villreinen tilleggas særskilt vekt. Planforslaget syner to alternative avgrensingar av LNF2. For villreinen sine trekkområde er det lagt inn føresegnområde om at det ikkje tillatast bygge- og anleggstiltak som kan stenge eller forverre dagens situasjon for villreinens trekk. LNF2-føremålet og desse føresegnområda ligg ikkje i gjeldande plan og er dermed nye i planforslaget. Med utgangspunkt i dagens kunnskapsgrunnlag om villrein (kap.5) er dette grepet i alternativ 1 er positivt med tanke på villreinens levekår og er eit ledd i å gjere forholda betre for villrein, innanfor dei rammene ein har satt for rullering av kommuneplanens arealdel.

Planforslaget vil kunne gi negativ konsekvens for villrein i områda rundt Tuddal. Ein ytterlegere destinasjonsutvikling i Tuddal med utbygging av nye fritidsbustader, og utan tiltak for å kanalisere ferdsel vekk frå villreinens leveområde, vil kunne forverre forholda for villrein. Likefullt, planen opnar for fortetting innanfor heile det utvida reinsedistriktet, og deler av reinsedistriktet ligger i betydeleg avstand frå villreinens leveområde.

I Bondal og ved Breivatn er det ikkje lagt inn nye byggjeområde for fritidsbustad, og det er foreslått å oppheve ein rekkje reguleringsplanar for fritidsbustader i desse områda. For områda for fritidsbustadar utanfor reinsedistriktet i Tuddal vil det ikkje vere tillaten å fortette utover det som ligg i gjeldande reguleringsplanar.

Framtidig byggeområde for fritidsbusetnad vest og sør for Breivatn er teke ut og erstatta med LNF spreidd utbygging av fritidsbustader (LSF). For LSF-områda er det ikkje opna for å bygge fleire fritidsbustader enn på dei allereie frådelte tomtene. Det vil sei at det ikkje opnast for å dele frå nye tomter for fritidsbustad innanfor formålet.

Totalt sett har planen gjort grep for ikkje å forringe og delvis betre forholda for villrein i store deler av kommunen, samanlikna med gjeldande plan. LNF2-føremålet (alt. 1) og føresegnområde for trekkområde er ein innstramming som hindrar auke i ferdsle innanfor villreinens sine leveområde i høve til gjeldande plan, noko som er positivt for villrein.

Tuddal skil seg ut, og i dette område vil planforslaget kunne gje betydeleg negativ konsekvens for villrein, mykje grunna potensial for auka ferdsel og nye byggjeområde for fritidsbustader heilt inntil villreinens leveområde. Planforslaget gjer redusert moglegheit

for bygging av fritidsbustader i andre deler av kommunen, både i og nær opptil villreinen sine leveområde, særleg rundt Bondal og Breivatn, noko som er positivt for villrein.

Totalt sett vurderast planforslaget å ha negativ konsekvens for temaet villrein nær Tuddal, og noko positiv konsekvens for villrein i dei andre delane av kommunen, samanlikna med gjeldande plan.

2. Innleiing

2.1. Bakgrunn for konsekvensutgreiinga

Kommuneplanens arealdel (KPA) i Hjartdal kommune er under rullering. Til planforslaget er det utarbeidd ein konsekvensutgreiing som ein del av planomtala, jf. plan- og bygningslova § 4-2.

Det er utarbeidd ein samla konsekvensutgreiing for heile planforslaget. Det er også utarbeidd konsekvensutgreiing for eit utval områder som er spelt inn med forslag om endra arealbruk.

Arealstrategien til Hjartdal kommune framhevar at Tuddal er satsingsområde for nye fritidsbustader, mens det i andre område i kommunen ikkje skal leggast til nye byggjeområde for fritidsbusetnad.

Hjartdal kommune huser saman med tilgrensande kommunar villreinstamma i Brattefjell-Vindeggen villreinområde. Då villrein er eit viktig tema i den samla konsekvensutgreiinga av planforslaget, er det utarbeidd ein eigen konsekvensutgreiing av tema villrein. Utgreiinga gjeld for heile forslaget til kommuneplanen sin arealdel.

I Meld. St. 18 (2023-2024) står det mellom anna: *«Kommunen har ei sentral rolle i forvaltninga av villreinområda etter plan- og bygningslova. Kommunale arealplanar er juridisk bindande og styrer arealbruken i villreinområda utanfor verneområda. Desse skal følgje opp og gjennomføre både lokale, regionale og nasjonale føringar og mål…. Kommunane må mellom anna vurdere verknaden på villrein med arealplanar som legg til rette for tiltak og aktivitetar i og omkring villreinområda. Verkemidla i arealplanlegginga omfattar mellom anna arealformål, omsynssoner, føresegner og retningslinjer.»*

2.2. Hjartdal kommunes arealstrategi

Hjartdal kommune har vedtatt arealstrategi i planprogrammet for rullering av KPA, og strategi 4.2 omhandlar Tuddal som satsingsområde for fritidsbustader:

4.2 Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling

Arealstrategiar:

- *Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling.*
- *Planen skal legge til rette for fritidsbustader i eit omfang som svara til dagens kapasitet på vassverket og reinseanlegget.*
- *Fortetting av eksisterande byggeområder skal prioriterast før nye utbyggingsområde.*
- *Planens skal fastsette ein langsiktig utbyggingsgrense for fritidsbustader i Tuddal som tar omsyn til viktige naturverdiar, villreinens leveområde, omsyn til friluftsliv og landskap og destinasjonens attraksjonsverdi.*
- *Gjennomgå eldre reguleringsplanar for fritidsbustader, områder for fritidsbustader i gjeldande plan som ikkje er regulert og område for spreidd fritidsbustad og vurdere behov for å omdisponere desse på bakgrunn av arealstrategiane for planarbeidet og oppdatert kunnskapsgrunnlag.*

2.3. Oppbygging av konsekvensutgreiinga


Konsekvensutreiinga er bygd opp på fylgjande måte:

- Innleiing
- Overordna føringar for villrein
- Kunnskap om korleis villrein blir påverka av tekniske inngrep, infrastruktur og ferdsel
- Generell omtale av Brattefjell-Vindeggen villreinområde
- Dagens situasjon innanfor og i randområde til villreinområdet for områda Tuddal, Bondal og Breivatn og områda rundt.
- Gjeldande planstatus og planforslaget for områda Tuddal, Bondal og Breivatn og områda rundt.
- Konsekvensar for villrein av planforslaget for områda Tuddal, Bondal og Breivatn og områda rundt.
- Vurdering av naturmangfaldlova
- Forslag til avbøtande tiltak

2.4. Avgrensingar

Det er viktig å understreke at villrein generelt står ovanfor eit breitt spekter av menneskeskapte påverknader, slik som nedbygging av areal, utnytting av utmarksressursar, ferdsel, jakt, med meir. I tillegg kommer sjukdom (særleg skrantesjuken), klimaendringar, endra tilgang til beiteressursar med meir. Til og med akutte hendingar som snøskred og lynnedslag kan påverke villreinbestandar. Arealbruken til villreinen er sterkt påverka av vegar, hyttebygging og ferdsel.

Villreinforvaltninga i Noreg består av ei rekkje ulike aktørar frå privat, kommunal og statleg sektor. Organisasjonskart med dei mest relevante aktørane går fram av figuren under.



Figur 1 Organisasjonskart med dei mest relevante aktørane i villreinforvaltninga. Lilla boksar er statlege verksemder. Blå boksar er sjølvstendige forvaltningsnivå med eiga folkevalt leiing. Grøne boksar er private og andre. Harde linjer viser overordna styresmakt og/eller verksemd med ein godkjenningsfunksjon. Stipla linje viser verksemder og andre som gir føringar, motsegn, og/eller driver ettersyn eller oppnemning. Pilenes retning viser styringslinja. Mattilsynet har ansvar for alvorlege dyresjukdomar, og har i dag ei rolle i bestandsforvaltninga på grunn av skrantesjuke. Henta frå Meld. St. 18 (2023-2024).

Meld. St. 18 (20223-2024) framhevar at det er vanleg å dele forvaltninga av villrein i to hovudområde:

- **Bestandsforvaltning**: Bestandsforvaltninga omfattar forenkla sett å forvalting av villrein som jaktbar art og arbeid for å fremje dyrehelse og dyrevelferd

- **Plan- og arealforvaltning**: Arealforvaltninga omfattar i hovudsak å gjennomføre og følgje opp kommunale arealplanar og regionale planar for villreinfjella og å forvalte verna område.

Kvalitetsnorma for villrein er retningsgivande for styresmaktene si bestands- og arealforvaltning i alle saker som har betydning for villrein.

Denne utgreiinga er avgrensa til å omhandle konsekvensar for villrein knytt til arealforvaltninga, og vil ikkje omhandle bestandsforvaltningas rolle. Utreiinga vil omtale kva konsekvensar forslag til kommuneplanens arealdel vil ha for villrein, med utgangspunkt i korleis arealdelen vil påverke villreinens leveområde, både positivt og negativt.

Samla belastning for villreinen i Brattefjell – Vindeggen er eit komplekst tema. Då denne utgreiinga er avgrensa til å omtale konsekvensar knytt til arealforvaltninga, vil ikkje samla belastning for villrein i Brattefjell-Vindeggen kunne omtalast fult ut i denne utgreiinga.

Ein annan viktig avgrensing er korleis villrein vert handsama i nabokommunane, som også huser villreinstamma i Brattefjell – Vindeggen villreinområde. Hjartdal kommunes arealplan kan ikkje styre forhold utover eiga kommune, og nabokommunars arealbruk er dermed ikkje ein del av denne utgreiinga. Menneskeleg bruk av fjellområde på tvers av kommunegrenser vil omtalast der det er relevant.

Hjartdal kommune har ein vedtatt sti- og løypeplan, som syner kor sumar- og vinterruter ligg i terrenget. Planen angir ikkje ferdselsrestriksjonar. Å rullere eller å sjå nærare på gjeldande sti- og løypeplanar er ikkje ein del av prosessen med kommuneplanen sin arealdel. Arealdelen legg til grunn at framtidige fritidsbustader i Tuddal vil knytte seg opp mot eksisterande løypenett i Tuddal.

Kanalisering av ferdsel, forbod mot løypekøyring og/eller ferdselsforbod kan vere aktuelle tiltak i område der eksisterande utbygging gir negativ påverknad på leveområdet til villreinen. Desse tiltaka har ikkje blitt vurdert i denne planprosessen.

2.5. Metode, kunnskapsgrunnlag og prosess

Metodisk støtter konsekvensutgreiinga seg på Miljødirektoratet sin rettleiar *Villrein i arealplan* (Villrein i arealplan - miljodirektoratet.no). Rettleiar T-1493 *Konsekvensutredninger – kommuneplanens arealdel,* er også nytta. (t-1493.pdf).

Vurderingar av konsekvens for villrein er gjort hovudsakeleg deskriptivt, da det ikkje finns ein standard metode for korleis villrein skal handsamast i konsekvensutgreiingar på kommuneplannivå.

En rekkje kjelder er nytta:

- Norsk villreinssenters nettside, med kartfortellingar, forskingsresultat m.v. (https://villrein.no/).
- Bestandsplan for Brattefjell-Vindeggen villreinområde perioden 2024-2028 (Bestandsplan-2024-2028.pdf)
- Brattefjell Vindeggen villrein- og utmarksutvalg. 2025. Brattefjell / Vindeggen villrein- og utmarksutvalg – Forvaltning av villreinstammen i Brattefjell-Vindeggen.
- Dyreposisjoner. 2025. Data frå dyreposisjoner: https://dyreposisjoner.no/.
- Meld. St. 18 (2023–2024). Ein forbetra tilstand for villrein.
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. 2024. Fråsegn - varsel om oppstart av kommuneplanens arealdel 2024-2033, ref. 2024/3703. Brev datert 10.05.2024.
- Tidlegare utarbeida konsekvensutgreiingar av tema villrein, samt forsking på villrein.

Konsekvensutgreiinga baserer seg på det komplette planforslaget slik det leggast fram for politisk 1. gongs handsaming.

Den 13.02.2025 var det eit fysisk møte med representantar frå Hjartdal kommune, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Villreinsenteret på Skinnarbu, samt plankonsulent. Målet for møtet var å avklare forventningar til konsekvensutgreiing for villrein.

2.6. Nullalternativet

For å kunne vurdere konsekvensar av ein plan, må det også definerast eit samanlikningsgrunnlag. Dette er omtala i KU-forskrifta § 20 – "beskrivelse av miljøtilstanden" og omtales som nullalternativet.

Ifølge Miljødirektoratet si rettleiar M1941 for reguleringsplanar inkluderer nullalternativet omtale av noverande miljøtilstand. Dette er eit bilete av situasjonen i dag med bakgrunn i eksisterande kunnskap. Nullalternativet inkluderer *ikkje* kommuneplanen sin arealdel.

Denne konsekvensutgreiinga av tema villrein har som mål å vise kva for endringar som er gjort frå gjeldande KPA til planforslaget, og å omtale kva desse endringane kan ha å seie for villreinens levekår.

Konsekvensutgreiinga syner også anslag på tal fritidsbusetnad som eksisterer i dag, og anslag på tal fritidsbustader som planforslaget opnar opp for.

3. Statlege styringsverktøy og overordna føringar for villrein

Villrein er en sirkumpolar art som lever i Europa, Asia, Nord-Amerika, Svalbard og Grønland. På det norske fastlandet lever det villrein i fjellområda i Sør-Norge, frå sørlege Trøndelag og sørover.

Villrein er ein internasjonal ansvarsart for Norge. Norge forvaltar tilnærma heile den europeiske bestanden av villrein. Villrein kom på den internasjonale raudlista i 2016, og den nasjonale raudlista i 2021. Nasjonal status er NT (nær trua).

Villreinen har gjennom lang tid fått redusert sine leveområde, samtidig som den er avhengig av bestemte areal og er sårbar ovanfor forstyrringar. Kommunen må vurdere verknadene for villrein ved arealplanar som tilretteleggjar for tiltak og aktivitetar i og omkring villreinområde.

Det finns ein rekke overordna føringar for villrein:

Miljøkvalitetsnorm for villrein, M-869, har som overordna mål at villreinen, og dei 23 ulike delbestandene, forvaltast på ein slik måte at internasjonale forpliktingar overhaldast, og at nasjonale målsettingar om ivaretaking av levedyktige bestandar innan økologisk fungerande leveområde nåast (naturmangfaldlova § 5).

Kvalitetsnorm for villrein ble vedtatt i 2020, og er ein eiga forskrift under naturmangfaldlova. Målet med kvalitetsnorma var å etablere eit omforent kunnskapsgrunnlag knytt til status for villreinområda. Kvalitetsnorma er blitt utvikla som eit kunnskapssystem som klassifiserer villreinområda i god (grøn), middels (gul) eller dårleg (raud) kvalitet.

I 2023 publiserte regjeringa rettleiaren "Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027".

Villreinsenteret har summert opp dei nasjonale forventingane slik:

«I veilederen kan vi fleire stader lese om omsyn til villrein. Resultata frå klassifiseringen av de nasjonale villreinområdene etter kvalitetsnormen for villrein trekkes fram i veilederen, og at vi i Norge har eit særleg ansvar for å ta vare på villreinen. Veilederen inneholder en liste med 72 forventninger regjeringen har ut fra deres viktigste prioriteringer, og her har villreinen fått sitt helt eget punkt… Villreinens leveområder sikres, og vedtatte regionale

planer for villreinfjella oppdateres i samsvar med ny kunnskap og følges opp i den kommunale planleggingen».

I kapittel 5 om klima, miljø og natur for framtida er villreinen via eit avsnitt:

"Villreinen er en viktig del av norsk natur og kultur. Nesten hele den europeiske bestanden lever i Norge, og vi har derfor et særlig forvaltningsansvar for arten. Villreinen er nå klassifisert som nær truet i den nasjonale rødlista. 6 av de 10 nasjonale villreinområdene er vurdert å ha dårlig kvalitet, og ingen av områdene er vurdert å ha god kvalitet. Det er derfor nødvendig med effektive og målrettede tiltak for å sikre villreinen og villreinens leveområder. Det er viktig at fylkeskommunene og kommunene legger stor vekt på resultatene fra klassifiseringen av villreinområdene og arbeider aktivt for å oppnå kvalitetsmålene for de nasjonale villreinområdene. De regionale planene for fjellområdene med villrein er et viktig verktøy for å få til dette.»


Det er også andre forventingar i rettleiaren som passar med omsyn til villrein. Fritidsbusetnad og behovet for å unngå vidare utbygging over skoggrensa er ein av desse. I tillegg er det nemnd at utviklinga som skjer på fjellet og i utmark skal vere berekraftig, med omsyn til både internasjonale berekraftsmål og nasjonal politikk.

Fylgjande føringar er også viktige for villreinforvaltninga:

Tabell 1 Føringar/styringsverktøy for villreinforvaltninga

Føring/styringsverktøy	
Punkt 3.8 i statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet	Arealplanleggingen skal bidra til å nå målet om en helhetlig og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet. Dette innebærer at det skal være en høy terskel for inngrep i villreinens leveområder.
Forvaltningsmål for villrein	For villrein er det egne villreinnemder for hvert villreinområde som setter forvaltningsmål og forvaltningsplan.
§ 21 i hjorteviltforskriften	arbeide for en langsiktig bærekraftig forvaltning av villreinen og villreinens leveområde.
Viltlova	Direktoratet bestemmer i hvilke områder jakt på elg, hjort, villrein, rådyr, dåhjort og bever kan drives.
Naturmangfoldlova	

På Norges fastland finnes 24 villreinområde, kor ti er utpekt som nasjonale. Desse er Forollhogna, Hardangervidda, Knutshø, Nordfjella, Reinheimen-Breheimen, Rondane, Setesdal-Austhei, Setesdal-Ryfylke, Snøhetta og Sølnkletten.



Figur 2 Brattefjell-Vindeggen er område nr 5. Henta frå Norsk Villreinsenter, 2025.

4. Kunnskap om korleis villrein blir påverka av tekniske inngrep, infrastruktur og ferdsel

Kombinasjonen av menneskeleg aktivitet, klimaendringar og sjukdom (særleg funn av skrantesjuke) gjer at den norske villreinstamma er under stort press. Ein av dei største utfordringane for villreinen sine leveområde er bit-for-bit-nedbygging, der kvart enkelt inngrep isolert sett ikkje har stor negativ påverknad, men der den samla belastninga over tid blir monaleg.

Ein rekkje studiar syner at villrein har ein negativ respons på menneske, og generelt vik unna stader med høg menneskeleg aktivitet. Studiane spenner over eit breitt spekter, frå individnivå til bestandsnivå, og med fokus på alt frå enkeltståande objekt av infrastruktur eller teknisk inngrep til overordna landskapsnivå.


Generelt kan vi si at villrein er sky ovanfor menneske, og møte utløyser ein fryktreaksjon hos dyra. Avhengig av mange faktorar fører dette ofte til flukt.

Bøthun (2023) summerer opp at forskinga slår fast:

- Menneskeleg aktivitet uroer villrein
- Det kan skiljast mellom ulike grader og typar av forstyrring med ulik verknad.
    - Mindre, tilfeldige forstyrringar, til dømes eit tilfeldig møte med ein turgåar fører til reaksjon der og da, men dyra kan gjerne ta opp igjen same aktivitet kort tid etter forstyrringa.
    - Sterkare forstyrringar, til dømes der dyra får lukta av menneske saman med synsinntrykket, kan føre til flukt over større avstandar.
    - Gjentakande forstyrringar kan føre til at dei vik unna det aktuelle området.
- Langs veger og stiar kan effekten av forstyrringar forsinke trekk, ved at dyra vegrar seg mot kryssing ein stund, før dei likevel fortsett trekket. Nokon stader kan trafikken være så høg at trekket blir delvis eller heilt blokkert.
- Villreinen reduserer bruken av areal nær infrastruktur og menneskeleg ferdsel. Denne ferdselen er i særs mange tilfelle i form av utøving av friluftsliv, og ein ser tydeleg at villreinen unngår soner rundt hyttefelt, turisthytter, alpinanlegg og område med preparerte skiløyper.

5. Brattefjell-Vindeggen villreinområde

Brattefjell-Vindeggen villreinområde ligg i Hjartdal, Seljord, Tinn og Vinje kommunar i Telemark fylke. Store delar av Hjartdal kommune ligg innanfor biologisk leveområde for villrein i Brattefjell-Vindeggen, og er den av dei fire kommunane med størst areal innanfor villreinområdet.



Figur 3 Brattefjell-Vindeggen villreinområde er markert med grøn strek. Hjartdal kommunes areal er vist med flyfoto. Kjelde: Miljødirektoratet

Då reinen etablerte seg i Brattefjell-Vindeggen i nyare tid (1950-tallet), var det sesongmessig utveksling mellom Hardangervidda og Brattefjell-Vindeggen, men etterkvart blei denne utvekslinga redusert. Utover 1970-tallet økte bestanden sterkt, og

offisiell jakt blei opna i 1980 (Norsk villreinsenter, 2024). Målet for vinterstamma er 400 dyr +/- 10 %. Gjeldande bestandsplan for Brattefjell-Vindeggen gjeld for 2024-2028.

Dei seinare åra har bestanden minka, truleg grunna migrasjon til Hardangervidda.

Nettsidene til Brattefjell-Vindeggen utmarks- og villreinlag visar at fylgjande tal dyr vart registrert på minimumsteljingane i februar/mars:

År	**Tal**
2022	304
2023	324
2024	332

Styret i utmarkslaget meiner at ein bør bruke litt tid på å nå bestandsmålet på +/- 400 dyr. Då har ein betre kontroll på utviklinga av stamma og det var såleis ikkje aktuelt med å frede jaktåret 2024 for å raskt nå målet.

Avskytinga i 2023 var 40 dyr. At det valt felt 27 stk. vaksen bukk og berre 3 vaksne simler tilseier at det er ein høgare del vaksne simler i vinterbestanden no enn det det var i 2023. Hausten 2024 var det gitt fellingsløyve på 100 dyr, og 50 blei skotne under jakta.

Innanfor Brattefjell-Vindeggen villreinområde er det ein rekke ulike delområde: Sumar- og haustbeite, vinterbeite, trekkområde, kalvings- og oppvekstområde. Det er også avsett fleire fokusområde, som har ulike utfordringar, særleg arealunnviking pga. menneskeleg ferdsel.


Brattefjell-Vindeggen blei i 2023 samla sett klassifisert til *dårleg kvalitet*. Følgjande vurdering vart gjort:

delnorm 1	bestandsforhold	god kvalitet
delnorm 2	lavbeiter	middels kvalitet
delnorm 3	leveområde og menneskeleg påverking	dårleg kvalitet

Fleire villreinområde har ein regional plan og ein tiltaksplan, men Brattefjell-Vindeggen har ikkje dette per i dag.

Med bakgrunn i klassifiseringa etter kvalitetsnorma, der Brattefjell-Vindeggen samla sett er klassifisert til dårleg kvalitet, er det truleg at det til bli utarbeidd en tiltaksplan i nær framtid. Denne tiltaksplanen vil inkludere alle område, også dei med høg grad av arealunnviking i dag.

Det er eit pågåande FOU-prosjekt kalla «GPS merkeprosjekt for Setesdal Austhei og Brattefjell – Vindeggen». Resultata frå dette prosjektet vil publiserast som ein NINA-rapport ila 2025. FOU-prosjektet tek utgangspunkt i GPS-merking av rein. Rådata er tilgjengeleg på dyreposisjoner.no.



Figur 4 Data frå dyreposisjoner.no

Den samla belastninga på Brattefjell-Vindeggen villreinområde er stor. Villreinområdet er lite, lett tilgjengeleg og under press frå utbygging i fleire kommunar.


6. Dagens situasjon innanfor og i randområde til villreinområdet


I Hjartdal kommune er det i hovudsak utfordringar knyta til fritidsbusetnad, med tilhøyrande infrastruktur, løypenett og ferdsel, som kan skape konflikt med villrein. Tre område skil seg ut: Tuddal, Bondal og Breivatn. Dette avsnittet omtalar både villreinens bruka av leveområde, samt eksisterande stiar og løyper.

6.1. Tuddal


I Tuddal er det i dag i underkant av 1000 fritidsbustader, samt at Tuddal høgfjellshotell ligg sentralt plassert i dalen. Vegen frå Tuddal til Rjukan, via Stavsro og parkeringa til Gaustatopp-stien, går gjennom område for fritidsbusetnad i Tuddal. Vegen har mykje trafikk i sumarmånadene, men er vinterstengd frå Bitringsnatten.

Tuddal grenser til villreinområde ved Bitringsnatten. Løypenettet i Tuddal strekker seg inn i austre del av villreinområde.





Heddersvatn
Gausta-
råen
Nutan
Gaustakne
vesle
store
Ingeborg
Skina-
nuten
Fågerli-
nuten
Listul-
fjell
Ljosheimi
Ljosheimi
Ljosheimi

Villreinområde som grensar til fritidsbusetnaden i Tuddal er den austre delen av villreinområde, og omfattar Gaustatoppen, Heddersfjell og helt aust til Håkanesfjellet. Denne delen av villreinområdet er forbundet med vestre del av villreinområdet med ein smalare korridor nord for Bondal. Store delar av denne austre delen av villreinområde ligg i Tinn kommune. Villreinsenteret har definert bruken av den austre delen av villreinområdet, og kultfigurane under sumerar opp villreinens bruk av området i dag. Det er ingen kalvings- og oppvekstområde i austre del.




Vinterbeite. Hele den austre delen er markert som vinterbeite. Sporadisk brukt frem til utpå 2000-talet. Mest bukk.

Grense for villreinens leveområde markert med turkis, skiløype med blå strek. Skiløyper nord for Tuddal er i konflikt med vinterbeite for villrein.




Sumar- og haustbeite. Hele den austre delen er markert som sumar- og haustbeite. Sporadisk/historisk bruk. Det går ein merka sumarsti frå Bitringsnatten og nordover retning Svartetjønn. Denne stien er nyleg kloppa og utbetra. Ca. plassering markert med raudt.



Trekkpassasjer (rosa).
Sør: Trekket over Råen til Håkanesfjellet. Trekkpassasje mellom kjerneområde vinter, og kan hende sumar, til sporadisk brukte områder lengst øst. Dette trekket ligger i Tinn kommune.
Nord: Historisk trekk mellom Selstali og nordsida av Gaustatoppen (mot Svadde-nipene) og retning Heddersfjell. Området har observasjonar frå slutten av 90-tallet, berre bukk. Retur same veg forbi nipene, Selstali og mot Diplane.


Fokusområde. Den austre delen av villreinområde er markert som fokusområde for arealunnviking (lys blå). Dette området har fått ein gradvis aukande, menneskeleg aktivitet og bruk, og medfylgjande reduksjon i reinens områdebruk. Håkanesfjell og områda rundt ligg i direkte nærleik til, og utgjer viktige utfartsområde for den tilgrensande reiselivsdestinasjon Gausta/Gaustablikk i Tinn kommune. Det er vurdert arealunnviking til over 90 % i sumar- og haustperioden og vinterperioden.



Begge flanker av Gaustamassivet blokkerer trekket til Håkanesfjellet (mørk blå). Området er utpekt som fokusområde for "funksjonelle trekkpassasjer», og influensområdet for dette er alt villreinareal aust for Gaustatoppen (gul skravur). Det er sporadiske registreringar av rein i desse trekkområda bakover i tid. Siste kjente opplysningar om rein i Håkanesfjellet er frå tidleg 2000-tall. Bruken av trekkområde har truleg også endra seg med redusert omfang av rein i Håkanesfjellet. Reduksjon av bruk av trekkpassasjen og vidare inn i Håkanesfjell har truleg samanheng med aukande reiselivsutvikling i området, men også bestandsforhold.

Figur 6 Oppsummering av villreinens bruk av austre del av Brattefjell-Vindeggen villreinområde. Henta frå Norsk villreinsenter 2025.


Det går skiløype mellom Gaustablikk og Tuddal, Kvitåvatnrunden. Strava illustrerer det felles løypenettet mellom Gaustablikk og Tuddal, samt den høge ferdselen i villreinområde ved Stavsro, Gaustatoppen, Heddersfjell og fjella omkring.



Figur 7 Data frå Strava viser stor ferdsel i villreinområdet mellom Tuddal og Gaustablikk heile året.

6.2. Bondal

I Bondal er det i dag fritidsbusetnad i dalen, langsmed vatna Bonsvatn, Heddevatn med fleire. Bondal er omkransa av leveområde for villrein.




Figur 8 Konsentrasjon av fritidsbusetnad Bondal, langs veg 342. Villreinområde omkransar Bondal Til høgre er utsnitt frå gjeldande sti- og løypeplan for Tuddal, datert 04.06.2018.

Villreinsenteret har definert bruken av villreinområdet, og kartfigurane under oppsummerer villreinen sin bruk av området i dag. Det er ingen kalvings- og oppvekstområde rundt Bondal.


Vinterbeite.

Området frå Gausdal i vest og rundt Bondal er kjerneområde for vinterbeite frå november til februar og er ofte i bruk. Kjerneområde for februar til april er rundt Vindeggen. På nordaustre side av Vindsjåen er det også vinterbeite.
Grense for villreinens leveområde markert med turkis, skiløype med blå strek. Skiløyper vest for Bondal er i konflikt med vinterbeite for villrein.




Sumar- og haustbeite.

Store areal vest for Bondal er kjerneområde for sumar- og haustbeite. Sumartid er det sporadisk/historisk bruk av beiteområde øst og nord for Bondal og i Gausdalen.




Trekkpassasjar.


Det er to trekkpassasjer høvesvis nord og øst for Bondal, og disse er omtalt under Tuddal-avsnittet. Det er også ein trekkpassasje nedanfor Vindsjådammen.



Kalvings- og oppvekstområde

Ligg vest for Vindsjåen.






Fokusområde aust for Bondal er omtalt under avsnittet om Tuddal.
Vest for Bondal, rundt Vindsjåen Vindeggen og Brattefjell er det definert fokusområde. Dette er kjerneområde høgfjell. Det er vurdert under 50% arealunnviking. Unnviking handlar om reinen si bruk av skogområde gjennom barmarkssesongen (også jakta). Arealunnviking i sumar- og haustbeiteperioden varierer mellom år og ift bestandsforhold.

Det er også definert fokusområde langs vegen inn til Vindsjåen. Influensområde for denne vegen er store areal sør og nord for vegen (gul skravur). Denne ligg i ein trekkpassasje, og har noko arealunnviking. Vegen har noko biltrafikk og aktivitet sumar, og skiløype vinter med tilhøyrande toppturtrafikk til Vindeggen. Influensområdet i sør er mest relevant i barmarksperioden, men varierer mellom år og med bestand. Fokusområde i nord gjeld både vinter og sumar.

Figur 9 Oppsummering av villreinens bruk av område rundt Bondal. Henta frå Norsk villreinsenter 2025.




Figur 10 Data frå Strava viser utstrekt ferdsel i Bondal og også i løypenettet ut frå Bondal austover og vestover, både sumar og vinter.

Frå Bondal kan man fylgje skiløyper vestover inn i villreinområdet, eller kople seg på løypenettet i Tuddal via løype over Bitringsnatten. Data frå Strava illustrerer kor dei fleste ferdast.

6.3. Breivatn og områda rundt

Breivatn og områda rundt er det i dag fritidsbusetnad i konsentrasjonar og spreidd.

Breivatn og områda rundt ligg i sin heilheit innanfor villreinens leveområde.




Figur 11 Fritidsbusetnad ved Breivatn og områda rundt. Området ligg i sin heilheit innanfor villreinområde, markert med turkis strek. Til høgre er utsnitt frå gjeldande sti- og løypeplan for Hjartdal, datert 04.06.2018.

Villreinsenteret har definert bruken av villreinområdet, og kartfigurane under oppsummerer villreinen sin bruk av området i dag.

Vinterbeite.


Det er ikkje mykje vinterbeite rundt Breivatn i dag. Dette kan delvis skyldast menneskeleg ferdsel.



Grense for villreinen sitt leveområde er markert med turkis, skiløype med blå strek. Det går skiløype frå Breivatn og nordover. *Denne løypa kan vere medverkande årsak til at villreinen ikkje trekker lengre sør på vinteren*. GPS-data viser dog at det er nokon rein som trekker ned mot Breivatn på vinteren.




Sumar- og haustbeite.

Heile område rundt Breivatn er del av eit større kjerneområde for sumar- og haustbeite. GPS-data viser at reinen oppheld seg mye i skogsområde øst og vest for Breivatn om sumaren.



Trekkpassasjer (rosa). Det er fleire trekkpassasjar rundt Breivatn.	
Kalvings- og oppvekstområde Ligg vest for Vindsjåen, og ikkje nær Breivatn. GPS-data stadfestar denne arealbruken.	



Det er eit **fokusområde** langs Breivatn. Dette er eit fokusområde pga. arealunnviking. Området har spreidd fritidsbusetnad. Veg med periodevis noko trafikk inn i området.

Figur 12 Oppsummering av villreinens bruk av område Breivatn og områda rundt. Henta frå Norsk villreinsenter 2025.




Figur 13 Strava viser ferdsel rundt Breivatn. Samsvarar med oppkøyrte skiløyper.

Strava illustrerer løypenettet rundt Breivatn og områda rundt.

7. Gjeldande planstatus og planforslaget

7.1. Omsyn til villrein i gjeldande plan

I gjeldande plan er det lagt omsynssone villrein i deler av villreinens leveområde. Omsynssonen ligg i all hovudsak innanfor verneområde Brattefjell-Vindeggen, og delvis innanfor Flottin fuglefredningsområde. I føresegnene er det gitt fylgjande retningsliner for omsynssona: «Omsynet til villrein skal i leggast stor vekt når det gjeld alt av tiltak som kan føre til auka ferdsel i villreinområde».



Figur 14 Verneområder markert med raudt. Omsynssone villrein i gjeldande plan markert med sort skravur. Villreins leveområde markert med blå strek.

7.2. Prosessen med rullering av kommeplanens arealdel

I samband med prosessen med rullering av kommuneplanen sin arealdel er det gjort ein rekke vurderingar knytt til villrein. Som ledd i planarbeidet har kommunen gjennomgått reguleringsplanar for fritidsbustader, arealreserve for fritidsbustader i gjeldande kommuneplan som ikkje er regulert, og område for spreidd fritidsbustad i heile kommunen. Arealinnspel som kom inn i samband med varsel om oppstart er også sila i tråd med arealstrategiane.

Vurderingane kan grupperast slik:

- **Gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar**: Det er gjort ei vurdering av gjeldande reguleringsplanar, og i føresegnene til planforslaget er det lista ein rekke reguleringsplanar kor kommuneplanen skal gjerast gjeldande framføre. Etter vedtak vil kommunen gå i gong med ein prosess for å oppheve desse reguleringsplanane.
- **Område for framtidig fritidsbusetnad i gjeldande KPA/arealreserve**: I prosessen har område for framtidig fritidsbusetnad i gjeldande KPA blitt vurdert. Nokre område for framtidig fritidsbusetnad har blitt vidareført, medan andre område er blitt tekne ut av forslag til kommuneplanen sin arealdel.
- **Vurdering av område for spreidd fritidsbustad i heile kommunen**
- **Utsiling av innspelsområde**: Ein rekke arealinnspel vart sendt til kommunen etter varsel om oppstart. I prosessen vart det gjort ei utsiling av område basert på kommunen sine vedtekne arealstrategiar. Arealstrategiane seier at Tuddal er satsingsområde for ny fritidsbusetnad, og innspelsområde om nye fritidsbustader utanfor Tuddal er sila ut. Berre dei innspela som var i tråd med arealstrategen om satsingsområde for fritidsbusetnad vart teke med vidare til konsekvensutgreiing.
- **Wieseltransport frå Tuddal til Gaustablikk:** Kommunen har undersøkt moglegheita for å knyte Tuddal til Gausta-området ved å nytte beltegåande køyretøy til persontrafikk frå Tuddal til Gausta på vinterstengt veg. Svaret frå Statsforvaltar er at lovverket ikkje opnar for slik type ferdsel, og det er derfor ikkje gått vidare med å legge til rette for det i planen.

7.3. Avbøtande tiltak som er lagt inn i planen

7.3.1. LNF2 i villreinen sitt leveområde og føresegnområde innanfor trekkområda for villreinen

I planen er det gitt eit eige LNF-føremål (LNF2) med føresegner som sikrar at omsynet til villreinen tilleggas særskilt vekt:

4.2. LNF-område med særskilde omsyn til villrein LNF2 (§11-9 nr 3 og 6)

a) Ved søknad om tiltak innanfor området skal omsynet til villreinen tilleggast særskilt vekt. Lokalisering av nye tiltak skal skje etter vurderingar basert på oppdatert kunnskap om villrein.
b) Nye bustader og fritidsbustader og framføring av veg, vatn og avløp til eksisterande fritidsbustader tillatast ikkje
c) Etablering og opprusting av vegar som aukar høvet for køyring og anna ferdsle er ikkje tillate. Opprusting av eksisterande vegar og sleper er berre tillate dersom målet er å hindre terrengslitasje eller for å forbetre veg/slepe til tidlegare standard.

I planforslaget er det vist to alternative avgrensingar av LNF2:

- Alt. 1: Miljødirektoratet si avgrensing av leveområde for villrein i Brattefjell-Vindeggen
- Alt. 2: Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og Flottin fuglefredningsområde

For villreinen sine trekkområde er det lagt inn føresegnområde om at det ikkje tillatast bygge- og anleggstiltak som kan stenge eller forverre dagens situasjon for villreinens trekk. Det er lagt inn totalt åtte slike føresegnområde.

7.3.2. Omdisponering av byggjeområde og moglegheit for fortetting

I planforslaget er fleire byggjeområde omdisponert til LNF og/eller LNF spreidd utan moglegheit for fleire einingar.

Planforslaget er gjort gjeldande framfor 13 eldre reguleringsplanar for fritidsbustader. For ytterlegare seks reguleringsplanar for fritidsbustader er kommuneplanen gjort gjeldande framfor delar av planen.

For områda for fritidsbustadar utanfor reinsedistriktet i Tuddal vil det ikkje vere tillate å fortette utover det som ligg i gjeldande. Innafor dagens og utvida reinsedistrikt vil det vere tillate å fortette.

For områda for LNF-områda for spreidd utbygging av fritidsbustader (LSF) er det ikkje opna å bygge fleire fritidsbustader enn på dei allereie frådelte tomtene. Det vil seie at det ikkje opnast for å dele frå nye tomter for fritidsbustad innanfor formålet.

7.4. Potensial for fritidsbusetnad

Som ein del av prosessen med rullering av kommuneplanens arealdel er det gjort ei berekning av potensialet for fritidsbusetnad i gjeldande og revidert plan. Med utgangspunkt i eit utval av eksisterande felt for fritidsbusetnad, er det berekna at det ligg omkring 0,22 fritidsbusetnad per daa innanfor felt for fritidsbusetnad.


I det fylgjande er det gitt en oversikt over kor stor auking eller reduksjon av fritidsbusetnad planforslaget vil leggje til rette for i dei tre områda Tuddal, Bondal og Breivatn og områda rundt, samanlikna med gjeldande planar.

7.5. Tuddal

I planomtala kapittel 4 er det gjort greie for korleis kommunens strategi for Tuddal som satsingsområde for ny fritidsbusetnad er innarbeid i planforslaget. I det fylgjande er dei viktigaste grepa omtala.

7.5.1. Langsiktig utbyggingsgrense

Både for å sikre områdets attraksjonsverdi og for å ta vare på viktige omsyn og interesser fastset kommunen gjennom planen ein langsiktig utbyggingsgrense for fritidsbustader i Tuddal. Den langsiktige utbyggingsgrensa er satt for å avgrense vidare framtidig utbygging slik at den tar omsyn til viktige naturverdiar, villreinens leveområde, friluftsliv og landskap og er tenkt som ei varig utbyggingsgrense også for seinare planlegging. Grensa viser både ei avgrensing mot høgfjellet, ei avgrensing mot kulturlandskapet og urørte landskapsrom rundt Solheimstulen og ei avgrensing mot bygda Tuddal, sjå Figur 15.




Figur 15: Langsiktig utbyggingsgrense i Tuddal markert med raud linje på utsnitt frå plankartet, vist på Alternativ 1

7.5.2. Reinsedistrikt i Tuddal

I Tuddal er det vist to soner som føresegnsområder, der den eine avgrensar dagens reinsedistrikt, mens den andre avgrensar eit framtidig, utvida reinsedistrikt. Alle nye område for fritidsbustader skal vurderast opp mot eksisterande offentleg nett for vatn og avlaup, og kommunen vil prioritere utviklingsområde med moglegheit for tilknyting til det kommunale VA-anlegget.

Grense for framtidig, utvida reinsedistrikt er i hovudsak den same som den langsiktige utbyggingsgrensa i Tuddal, med unntak av eit område i sørvest.




Figur 16 Dagens (blå) og framtidig utvida (grøn) reinsedistrikt i Tuddal.

7.5.3. Reguleringsplanar som er foreslått oppheva eller delvis oppheva

To reguleringsplanar innanfor villreinens leveområde er foreslått oppheva eller delvis oppheva:

Reguleringsplan	Oppheva/delvis oppheva	Kommentar
Tuddal høyfjellssenter	Foreslått delvis opphava – gjeld den delen som omfattar alpinanlegg.	Reguleringsplanen for Tuddal høgfjellssenter blei vedtatt i 1989. Planane om eit alpinanlegg er ikkje realisert, og alpinområdet blir ikkje vidareført i ny plan. Det startast ein prosess med å oppheve eksisterande reguleringsplan.
Solheimsbeitet	Foreslått oppheva.	Erstatta av LNF spreidd fritidsbustader (LSF) utan moglegheit for fortetting

Det er heller ikkje planar om å utvikle moglegheit for alpinbakke som ligg innanfor reguleringsplan for Tuddal fjellgrend, men denne reguleringsplanen er ikkje foreslått oppheva.




Figur 17 Kartutsnitt med gjeldande reguleringsplanar, m.a. Solheimsbeitet og Tuddal høgfjellssenter.

7.5.4. Nye byggeområde for fritidsbusetnad

Alle område avsett til framtidig byggeområde i gjeldande KPA er vidareført i planforslaget.

I tillegg er det lagd inn sju nye byggeområde for fritidsbusetnad, og to område for kombinert føremål.



Figur 18 Oversikt over alle byggeområde i planforslaget (vist på Alternativ 1) nye (mørkare farge) og dei som vidareførast (lysare farge).

Områdenamn	Føremål	Omsyn til villrein
FB15, FB 46B, FB 46A	Fritidsbusetnad	Delvis innanfor villreinens leveområde. Enkel tilkomst til løypenett inn i villreinens leveområde.
FB14, FB6, FB53, FB9A	Fritidsbusetnad	Ligg med varierande avstand frå villreinens leveområde. Moglegheit for å kople seg på eksisterande løypenett, men område ligg eit stykke unna villreinens leveområde.
KBA36	Kombinert bygg og anlegg	Alpelandsbyen Tuddal. Sju grunneigarar har gått saman om å foreslå sine areal som ein felles satsing på eit nytt område for turistutvikling mellom Tuddal sentrum og Toskjær området. Arealet er lagt inn i planforslaget som ein ny og endra tilrettelegging for turisme i Tuddal, område KBA36. Konseptet for området er ikkje endeleg utforma, men utviklarane

		ser for seg at det kan utviklast med 3-4 alpinbakkar og 1 – 2 heisar. Området vil knyte bygda og fjellet saman, og vende tyngdepunktet av utvikling mot Tuddal framfor fjellet og sårbare naturverdiar her.
KBA55	Kombinert bygg og anlegg	Fritidsbusetnad for utleie ved Tuddal høgfjellshotell.


7.5.5. Arealreserve

Planforslaget legg til rette for vidare utvikling av Tuddal som reiselivsområde. Fylgjande anslag er gjort av potensiale innanfor ulike typeområde:


	Anslag tal
Eksisterande fritidsbusetnader	980
Eksisterande ledige og frådelte ubygde tomter som inngår i reguleringsplanar som vidareførast	760
Potensiale innanfor eksisterande byggjeområde i gjeldande KPA som vidareførast	1000
Potensial innanfor nye byggjeområde innanfor planforslaget	900

Tala syner at revidert plan legg til rette for om lag 900 nye fritidsbustader i Tuddal. Dette kjem i tillegg til dei ca. 1000 fritidsbustadene som ligg i gjeldande KPA og som vidareførast.

Samanlikna med dagens faktiske situasjon med nær 1000 eksisterande fritidsbusetnader i Tuddal, kan ein i framtida oppleve ein teoretisk auke på meir enn 250 % om alle fritidsbustader byggast, inkludert dei ledige tomtene som er frådelt i dag.



Figur 19 Gjeldande KPA ved Tuddal. Blå strek markerer villreinens leveområde nord i Tuddal.




Figur 20 Planforslaget, med omriss rundt reguleringsplanar som er foreslått oppheva (raud omriss), foreslått delvis oppheva (lys raud) og som vidareførast (svart).

7.6. Bondal


I Bondal er det ikkje lagt til nye byggeområder i planforslaget. Byggeområder i gjeldande KPA er teke ut, og det er gjort ei vurdering av gjeldande reguleringsplanar. Dette er i tråd med Statsforvaltarens forventing om at tidlegare avsette, urealiserte byggjeområde i randsona til leveområdet til villreinen blir teke ut av arealdelen.

	Anslag tal
Eksisterande fritidsbusetnader	140
Eksisterande ledige og frådelte ubygde tomter som inngår i reguleringsplanar som vidareførast	100
Potensiale innanfor eksisterande byggjeområde i gjeldande KPA som ikkje vidareførast i planforslaget (restriktivt berekna)	33
Tomter i gjeldande reguleringsplanar som tas ut i prosess med oppheving av reguleringsplanar	Under 10

Til saman er det anslagsvis 35 eksisterande og potensielle tomtar for fritidsbusetnad som blir teke ut.



Figur 21 Gjeldande KPA ved Bondal. Blå strek markerer villreinens leveområderundt Bondal.



Figur 22 Forslag til planforslaget (vist på Alternativ 1), med omriss rundt reguleringsplanar som er foreslått oppheva (raud omriss), foreslått delvis oppheva (lys raud) og vidareførast (svart).

7.7. Breivatn og områda rundt

Ved Breivatn og områda rundt er det ikkje lagt til nye byggeområder i planforslaget. Byggeområde i gjeldande KPA er teke ut, og det er føretatt ei vurdering av gjeldande reguleringsplanar. Dette er i tråd med Statsforvaltaren forventing om at tidlegare avsette, urealiserte byggjeområde innanfor leveområdet til villreinen blir teke ut av arealdelen.

	Anslag tal
Eksisterande fritidsbusetnader	115
Eksisterande ledige og frådelte ubygde tomter som inngår i reguleringsplanar som vidareførast	45
Potensiale innanfor eksisterande byggjeområde i gjeldande KPA som ikkje vidareførast i planforslaget (restriktivt berekna)	650
Tomter i gjeldande reguleringsplanar som tas ut i prosess med oppheving av reguleringsplanar	80

Reint teoretisk er det til saman ca. 730 eksisterande og potensielle tomtar for fritidsbusetnad som blir teke ut i planforslaget.

8. Konsekvensar for villrein av planforslaget

8.1. LNF2 og føresegnsområde for trekkområde

LNF2-føremålet avgrensar med føresegner kva man kan gjere med eksisterande bygg og ved søknad om ny, spreidd fritidsbusetnad.

Alternativ 1 for avgrensing av LNF2 inneber ei innstramming av omsyn til villrein i eit større område utanfor arealet som i dag er verna etter naturmangfoldloven.

Alternativ 2 omfattar berre området som i dag er underlagt verneforskriftene for Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde og Flottin fuglefredningsområde. Desse områda har allereie strenge føringar for nye tiltak. Størstedelen av dette området er og dekka av omsynssone for villrein i gjeldande plan.

Skilnaden på alternativ 2 og gjeldande plan, er at omsynssone for villrein som ligg over verneområde, er erstatta føresegner til LNF særleg tar omsyn til villrein (LNF2-føremål). I tillegg har LNF2-føremålet ein noko større avgrensing enn gjeldande omsynssone for villrein, da heile Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og Flottin fuglefredingsområde er dekket av LNF2.

Alternativ 1 for avgrensing av LNF2 kan sjåast på som eit ledd i å gjere forholda betre for villrein, innanfor dei rammene ein har i plan- og bygningsloven og innanfor kva kommuneplanens arealdel kan styre.

Alternativ 2 for avgrensinga av LNF 2 inneber i seg sjølv liten endring i tilhøva for villreinen samanlikna med gjeldande plan, fordi føremålet omfattar område som allereie er verna etter naturmangfaldlova. Verneforskriftene er i all hovudsak strengare enn både gjeldande omsynssone og LNF2-føremålet i planforslaget.

Føresegnområde over trekkområda er ei innstramming i høve til gjeldande plan som hindrar auke i ferdsle innanfor villreinens sine leveområde i høve til gjeldande plan. Dette gjeld både for alternativ 1 og 2.

8.2. Omdisponering av byggjeområde, fortetting og oppheving av reguleringsplanar

I planforslaget er fleire byggjeområde omdisponert til LNF og/eller LNF spreidd utan moglegheit for fleire einingar, noko som er positivt for villrein.

Føresegn om at det for områda for fritidsbustadar utanfor reinsedistriktet i Tuddal ikkje vil i vere tillate å fortette utover det som ligg i gjeldande reguleringsplanar, er også til fordel for villrein.

For områda for LNF-områda for spreidd utbygging av fritidsbustader (LSF) er det ikkje opna å bygge fleire fritidsbustader enn på dei allereie frådelte tomtene, noko som vil minske belastninga for villrein i det aktuelle områda.

Det at det gjennom planforslaget er foreslått at 19 eldre reguleringsplanar skal opphevast eller delvis opphevast, er eit viktig grep til fordel for villrein.

Desse grepa kan også sjåast på som eit ledd i å gjere forholda betre for villrein, innanfor dei rammane ein har i plan- og bygningsloven og innanfor kva kommuneplanens arealdel kan styre.

8.3. Konsekvensar for villrein nær Tuddal

Planforslaget legg til rette for fortetting i eksisterande område for fritidsbusetnad i heile det utvida reinsedistriktet i Tuddal, samt at planen legg til nye utbyggingsområde for fritidsbusetnad.

Det er særleg dei nye område arealinnspel nr. 15, 46a og 46 som ligg nær villreinområdet, Desse områda ligg tett på eksisterande løypenett, og det er kort veg frå desse områda inn i villreinområdet.

Det er grunn til å tru at brukarar av nye fritidsbustader i Tuddal vil kople seg på eksisterande sti- og løypenett inn i villreinområdet, og at bruken av dette løypenettet vil auke samanlikna med dagens allereie omfattande bruk.

Ved at reguleringsplanane for Solheimbeitet og Tuddal høyfjellshotell er foreslått oppheva/delvis oppheva, er det satt en grense for utvikling nord i Tuddal. Likefullt, dette er eldre reguleringsplanar som er usikkert om vil bli realisert med dagens kunnskap.

Planforslaget opnar opp for fortetting innanfor heile det utvida reinsedistriktet. Det er verdt å merke seg at dei sørlege og austre delane av det utvida reinsedistriktet ligg i betydeleg avstand frå villreinområde. Ein utvikling av til dømes Tuddal alpin (arealinnspel nr. 36) blir kan føre til at ferdsel konsentrerast i dette område. Det same gjeld område rundt Flogonfjell og Tjønnstul. Utbygging i reinsedistriktet lengst vekk frå villreinområde vil naturleg nok være fordelaktig for villrein.

Eksisterande tomtereserve i Tuddal er om lag 760 tomter. Byggeområde i gjeldande KPA legg til rette for om lag 1000 nye fritidsbusetnader. Så gjeldande planar opnar for en auke på om lag 180%. Dersom planforslaget legg til rette for ytterlegare om lag 850 fritidsbusetnader, gir det ein teoretisk, samla auke på om lag 250 %.

Desse talla er berre teoretiske, og er ikkje ein fasit på kva den endelege utbygginga vil bli i åra som kjem. Ein kan ikkje spå marknaden, men dersom heile potensiale i planforslaget blir realisert, vil dette bety ein betydeleg auke i tal fritidsbusetnader i Tuddal.

Vurderinga av kor stor auke nye fritidsbustader i Tuddal vil få for forstyrring av villrein, er skjønnsmessig. All ny fritidsbusetnad i Tuddal kan indirekte forringe villreinområdet nord for Tuddal. Kor stor auka belastning utbygging i framtida vil gi finst det ikkje eksakt svar på. Reint objektivt vil fleire fritidsbustader skape meir ferdsel, og det er truleg ein forventing blant eigarar av fritidsbustader og tilreisande at løyper blir køyrde om vinteren og stigar tilrettelagt for sumarbruk. Den er vanskeleg å måle kor mykje auka ferdsel som vil komme i villreinens leveområde samanlikna med eksisterande/dagens situasjon, men planen vil med stort sannsyn føre til auka ferdsel i villreinområdet.

Den austre delen av Brattefjell-Vindeggen villreinområde, som Tuddal grenser til, har ein stor grad av arealunnviking og berre sporadisk bruk. Dette skyldast i hovudsak menneskeleg aktivitet, men også bestandsmessige forhold og at det er mindre bukk i Brattefjell-Vindeggen i dag enn tidlegare år. Sjølv om denne austre delen i dag berre har sporadisk bruk, kan ein ikkje avskrive den austre delen som leveområde.

Totalt sett gir planforslaget negativ konsekvens for villrein i områda rundt Tuddal. Ein ytterlegere destinasjonsutvikling i Tuddal med utbygging av nye fritidsbustader, og utan tiltak for kanalisere ferdsel vekk frå villreinens leveområde, vil kunne forverre forholda for villrein. Likefullt, planen opnar for fortetting innanfor heile det utvida reinsedistriktet, og deler av reinsedistriktet ligger i betydeleg avstand frå villreinens leveområde.

8.4. Konsekvensar for villrein nær Bondal

I Bondal legg planforslaget opp til færre fritidsbustader enn kva gjeldande KPA gjer. Det er foreslått å oppheve reguleringsplanar tett på villreinens leveområde, samt at enkelte byggjeområde i gjeldande plan er tatt ut i planforslaget .

Då planforslaget legg opp til mindre bygging av nye fritidsbustader i Bondal enn det gjeldande KPA gjer, vil planforslaget vere positiv for villrein samanlikna med gjeldande plan.

8.5. Konsekvensar for villrein nær Breivatn og gir områda rundt

Ved Breivatn og områda rundt legg planforslaget opp til betydeleg færre fritidsbustader enn kva gjeldande KPA gjer.

I planforslaget er store byggområde aust for Breivatn og sørover, samt område ved Hundemyr, teke ut og gjort om til spreidd fritidsbustad utan moglegheit til å bygge nye fritidsbustader.

Det at store byggjeområde i gjeldande KPA, innanfor villreinens leveområde, er tatt ut i planforslaget, er særs positivt for villrein. Det er ikkje sikkert at ein hadde gått vidare med detaljplanlegging og utbygging av fritidsbusetnad i dei urealiserte byggjeområda i arealdelen med den kunnskapen ein sit på om villrein i dag, men likefullt er grepet med å fjerne store byggjeområde svært viktig av omsyn til villrein.

Då planforslaget legg opp til betydeleg mindre bygging av nye fritidsbustader ved Breivatn enn det gjeldande KPA gjer, vil planforslaget vere svært positiv for villrein samanlikna med gjeldande plan.

8.6. Konklusjon

LNF2-føremålet, som sikrar at ved søknad om tiltak skal omsynet til villreinen tilleggas særskilt vekt, ligg ikkje i gjeldande plan og er nytt i planforslaget.

Avgrensing av LNF2 er vist i to ulike alternativ, der alt. 2 tilsvarar Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde og Flottin fuglefredningsområde, som er verna etter naturmangfoldlova. Dette grepet er positivt med tanke på villreinens levekår for alternativ

1, og er eit ledd i å gjere forholda betre for villrein, innanfor dei rammene ein har satt for rullering av kommuneplanens arealdel.

Avgrensinga av LNF 2 i alternativ 2 inneber i seg sjølv liten endring i tilhøva for villreinen samanlikna med gjeldande plan.

For villreinen sine trekkområde er det lagt inn føresegnområde om at det ikkje tillatast bygge- og anleggstiltak som kan stenge eller forverre dagens situasjon for villreinens trekk. Dette er ei innstramming i høve til gjeldande plan, som legg til rette for å betre tilhøva for villreinen.

Planforslaget vil kunne gi negativ konsekvens for villrein i områda rundt Tuddal. Ein ytterlegere destinasjonsutvikling i Tuddal med utbygging av nye fritidsbustader, og utan tiltak for å kanalisere ferdsel vekk frå villreinens leveområde, vil kunne forverre forholda for villrein. Likefullt, planen opnar for fortetting innanfor heile det utvida reinsedistriktet, og deler av reinsedistriktet ligger i betydeleg avstand frå villreinens leveområde.

I Bondal og ved Breivatn er det ikkje lagt inn nye byggjeområde for fritidsbustad, og det er foreslått å oppheve ein rekkje reguleringsplanar for fritidsbustader i desse områda. For områda for fritidsbustadar utanfor reinsedistriktet i Tuddal vil det ikkje vere tillaten å fortette utover det som ligg i gjeldande reguleringsplanar.

Framtidig byggeområde for fritidsbusetnad vest og sør for Breivatn er teke ut og erstatta med LNF spreidd utbygging av fritidsbustader (LSF). For LSF-områda er det ikkje opna for å bygge fleire fritidsbustader enn på dei allereie frådelte tomtene. Det vil sei at det ikkje opnast for å frådele nye tomter for fritidsbustad innanfor formålet.

Totalt sett har planen gjort grep for ikkje å forringe og delvis betre forholda for villrein i store deler av kommunen, samanlikna med gjeldande plan. LNF2-føremålet, hovudsakleg i alt. 1, og føresegnområde for trekkområde er ein innstramming som hindrar auke i ferdsle innanfor villreinens sine leveområde i høve til gjeldande plan, noko som er positivt for villrein.

Tuddal skil seg ut, og i dette område vil planforslaget kunne gje betydeleg negativ konsekvens for villrein, mykje grunna potensial for auka ferdsel og nye byggjeområde for fritidsbustader heilt inntil villreinens leveområde. Planforslaget gjer redusert moglegheit for bygging av fritidsbustader i andre deler av kommunen, både i og nær opptil villreinen sine leveområde, særleg rundt Bondal og Breivatn, noko som er positivt for villrein.

Totalt sett vurderast planforslaget å ha negativ konsekvens for temaet villrein nær Tuddal, og noko positiv konsekvens for villrein i dei andre delane av kommunen, samanlikna med gjeldande plan.

9. Vurdering av naturmangfaldlova

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget for villrein vurderast å vere godt. Særleg arbeidet med kvalitetsnorm i 2023 har bidratt til dette. Vidare overvakast bestanden årleg ved teljingar, og det har vært utført eit omfattande FOU-prosjekt med GPS-merking av villrein dei seinaste åra.

Kunnskapsgrunnlaget vurderast å vere tilstrekkeleg og kravet til kunnskapsgrunnlaget vurderast å vere oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8.

§ 9 Føre-var-prinsippet

Det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfald, men kor stor meirbelastning ferdsel frå auka bygging av fritidsbusetnad vil gje i villreinens leveområde ved Tuddal er usikker. Planen medfører risiko for negativ påverknad på villrein. Sjølv om det knyt seg ein viss usikkerheit til omfanget av negativ påverknad, tilseier føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 at kommunen følgjer opp avbøtande tiltak foreslått i kapittel 10 gjennom andre prosessar.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Ein påverking av eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastning som økosystemet er, eller vil bli utsett for. Konsekvensutgreiinga har sett på kva forslag til arealdel vil ha å seie for villreinens levekår. Den samla belastninga villreinen står ovanfor er også påverka av ferdsle og tiltak utanfor planområdet, som utviklinga i Gaustaområdet og andre tilgrensande område til Brattefjell-Vindeggen villreinområde, og av tilhøve som ikkje regulerast gjennom plan, som til dømes jakttrykk. Konsekvensane av endringane som gjerast i planen vil vere både positive og negative for villrein og bidraget frå planendringa til samla belastning på villreinen er derfor usikker.


§11 Tiltakshavar skal bære kostnadane ved miljøforringing og §12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder

Kommuneplanen er ein strategisk plan og omfattar ikkje eitt tiltak og ein tiltakshavar eller detaljerte føringar for gjennomføring av tiltak. Oppfølging av §11 og 12 vert difor først relevant i reguleringsplan og søknad om tiltak.

10. Forslag til ytterlegere avbøtande tiltak

Fylgjande avbøtande tiltak som går utover det som kan styres i KPA:

- Revisjon av sti- og løypeplan i eigen prosess med hensikt å redusere negative konsekvensar for villrein
- Tilrettelegging for ferdsel frå fritidsbusetnadene i Tuddal utanfor villreinområdet. Den tilrettelagde Kjerringsteinløya rundt Kovstulvatnet i Tuddal er eit svært godt døme på ein tilrettelagt sti som kan trekke ferdsel vekk frå villreinområdet. Det er avsett eige aktivitetsområde i rundt vatnet Nøtting. Å sikre opparbeiding i dette område kan vere viktig for å trekke ferdsel ut av villreinens leveområde.
- Opparbeide utfartsparkeringa mellom Kovstulvatnet og Toskjervatnet:



- Stenge moglegheit for utfartsparkering ved Bitringsnatten med skilting og fysiske tiltak. Det er ikkje sett av parkeringsareal ved Bitringsnatten i planen.
- Om det utarbeidast tiltaksplan for villrein i Brattefjell-Vindeggen, kan kommunen følge opp disse tiltaka i ulike prosesser

Kjelder

- Norsk villreinsenter. 2025 Norsk villreinssenters nettside, med kartfortellingar, forskningsresultat m.v. (https://villrein.no/). Henta i perioden november 2024-mars 2025.
- Bestandsplan for Brattefjell-Vindeggen villreinområde perioden 2024-2028 (Bestandsplan-2024-2028.pdf)
- Brattefjell Vindeggen villrein- og utmarksutvalg. 2025. Brattefjell / Vindeggen villrein- og utmarksutvalg – Forvaltning av villreinstammen i Brattefjell-Vindeggen. Henta mars 2025.
- Dyreposisjoner. 2025. Data frå dyreposisjoner: https://dyreposisjoner.no/. Henta mars 2025.
- Bøthun, S. W. 2023. Reguleringsplan for Storestølen ved Strandavatnet; vurdering av konsekvenser for villrein. Sogn naturforvaltning, rapport 1-23.
- Meld. St. 18 (2023–2024). Ein forbetra tilstand for villrein.
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. 2024. Fråsegn - varsel om oppstart av kommuneplanens arealdel 2024-2033, ref 2024/3703. Brev datert 10.05.2024.

asplan viak